



Nissedal kommune

Eining for oppvekst og kultur

Retningslinar - privat heimeundervisning og tilsyn

August 2023

Foreldre som ønsker å drive heimeundervisning for sine barn, må melde frå om dette til kommunen. Privat heimeundervisning inneber at foreldra sjølv underviser sine eigne barn. Dette skal ikkje forvekslast med offentleg opplæring i heimen, til dømes ved sjukdom. Foreldra må ha naudsynte føresetnadar for å drive undervisning, utan at det blir stilt formelle krav. Det er ikkje krav om forhåndsgodkjenning.

Den private heimeundervisninga skal tilsvare den som blir gitt i grunnskulen. Dette bygger på prinsippet om «opplæringsplikt», ikkje «skuleplikt». Det skal bli lagt til rette for at barn og unge i privat heimeundervisning tileignar seg tilsvarande kunnskapar som i den offentlege grunnskulen. Det betyr at læreplanverket skal bli fulgt.

Privat heimeundervisning kan berre gis til barn i eigen husstand.

Det er i utgangspunktet ikkje høve til å berre gje delar av opplæring som privat heimeundervisning. Eit eventuelt ønske om dette må ein sende søknad om til kommunen, som fattar endeleg vedtak.

Opplæringslova § 2-13 lyder:

§§ 1-1, 1-3, 2-3 og 2-4 i lova med forskrifter gjeld for innhaldet i privat grunnskoleopplæring i heimen så langt reglane ikkje kjem i strid med Noregs folkerettslege plikter.

Støttetiltak:

Elevar i privat heimeundervisning er ikkje omfatta av den offentlege grunnskulen, og mister ein del rettar etter Opplæringslova. Eleven har ikkje rett til spesialundervisning, særskilt språkopplæring, teiknspråkopplæring, m.m. Gratisprinsippet gjeld ikkje i privat heimeundervisning, og foreldre kan ikkje krevje å få dekka utgifter til lærebøker og undervisningsmateriell.

SFO:

Nissedal kommune ønsker barn i privat heimeundervisning velkommen til SFO, når dei er i aldersgruppa tilsvarande 1.-4. klasse. Betalingsordningar er tilknytt den aktuelle aldersgruppa.

Dokumentasjon og inntak til vidaregåande skule:

Elevar som har privat heimeundervisning har ikkje rett til ordinært vitnemål frå ungdomsskulen. Kommunen skal skrive ein dokumentasjon/attest om at grunnskulen er fullført. Dette gir rett til 3 års fulltids opplæring, jf. Opplæringslova § 3-1. Ungdom som har hatt privat heimeundervisning blir tatt inn på individuelt grunnlag, sjå forskrift til opplæringslova § 6-24.

Tilsyn:

Etter opplæringslova § 14-3 har kommunen heimel til å føre tilsyn med privat heimeundervisning:

Kommunen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skole, og kan òg kalle dei inn til særskilde prøver. Kommunen skal krevje at barnet eller den unge skal gå i skole dersom dei krava lova her med forskrifter stiller til heimeopplæringa, ikkje er oppfylte.

Kommunen har både ein rett og ein plikt til å føre tilsyn.

Statsforvaltar kan føre tilsyn med at kommunen oppfyller sine plikter.

Rektor ved nærskulen kontaktar heimen ved oppstart av kvart nye skuleår for å halde ein god dialog, sikre at det er god relasjon med tilsynslærar og eleven og gjere avtalar om tilsyn komande skuleår.

Standard rutine i Nissedal kommune er eit tilsyn pr. semester, lagt til november og mai. Rektor ved den aktuelle nærskulen til eleven har ansvar for at tilsyna blir gjennomførte. Rektor utpeikar ein tilsynslærer, gjerne i samarbeid med heimen om mogleg. Det er viktig å vurdere barnets beste i slike utpeikingar. Tilsynslærar bør, så langt det er mogleg, vere den same over tid.

Tilsynet skjer på ein stad som rektor og heimen blir samde om. Det kan vere i heimen, på skulen eller nøytral grunn – slik som på kommunehuset.

Heimeundervisninga er ikkje lovleg dersom tilsyn ikkje er mogleg grunna manglende samarbeid frå foreldra. I slike tilfelle skal kommunen krevje at barnet går i den offentlege grunnskulen.

Heile tilsynet bør foregå innanfor ei ramme på 2-3 timer.

Tilsynet vil kunne praktiseres ved:

- Samtale/munnlege prøver
- Skriftlege prøver i aktuelle fag/fagområde
- Vurdering av ulike elevarbeid
- Samtale med foreldra
- Innkalling til særskilte prøver

Heimen skal i forkant av haust-tilsynet sende over en plan/oversikt over kva kompetansemål/læringsmål eleven skal jobbe mot inneværende skoleår. Heimen skal også oversende ei oversikt over tema/fagområder eleven spesielt har fordypa seg i. Dette skal samla kunne danne eit grunnlag for tilsynslærer sin samtale med eleven. Denne informasjonen må vere levert til tilsynslærer seinast 14 dagar før avtalt tilsyn.

I etterkant av samtala med eleven vil heimen og tilsynslærer ha ein samtale om heimeundervisninga sitt omfang, innhald og kvalitet, vegen vidare, etc.

Rapport:

Tilsynslærar skal skrive rapport etter gjennomføring av tilsyn med kopi til heimen. Rapporten blir lagra i gjeldande arkivsystem. Det skal tydeleg framgå av rapporten om tilsynslærar vurderer opplæringa som tilfredsstillande eller ei.

Dersom tilsynslærar ikkje opplever opplæringa som tilfredsstillande, må skulen kalle eleven inn til kartleggingsprøver og ta ei nærmare vurdering. Rektor og tilsynslærar vurderer dette saman.

Vedtak med krav om oppstart i offentleg grunnskule:

Dersom skulen ikkje får gjennomført tilsynet på ein forsvarleg måte, eller kommer til at heimeundervisningen ikke oppfyller krava for slik undervisning, skal det flettes enkeltvedtak om at barnet skal gå i den offentlege grunnskulen.

- Foreldra skal bli høyrde før ein fattar slikt vedtak.
- Om eleven er over 15 år, skal også den få uttale seg i saka.
- Yngre barn skal også få seie sitt syn.
- Barnets beste skal bli vurdert.

Vanligvis vil det være rektor på den aktuelle skulen som fatter slikt vedtak.
Vedtaket kan klages inn til Statsforvaltaren.

Utfyllande informasjon om lovverk kring privat heimeundervisning finner du her i [Udir.si regelverkstolkning](#).

Treungen 17.08.23
Reidun Carol Retterholt
Einingsleiar oppvekst og kultur